



Alver kommune - Dokumentsenter

Referanser:

Dykkar: plan og byggesak
Vår: 23/3595 - 23/58483

Saksbehandlar:

Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

13.07.2023

Uttalelse frå landbruksavdelinga -jordtipp- gbnr 340/8 Espetveit

Saka gjeld søknad om deponi av massar i forbinding med arbeid på fylkesveg. Tiltak er opplyst med ein storleik på om lag 100 000 kubikkmeter. Det er opplyst nydyrking av 28 dekar (dette er delvis påfylling på eksisterande jordbruksareal og delvis nydyrking)

Planstatus: Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF og LNF spreidd næring

I tidleg fase av planlegging av prosjekt i Nordhordlandspakken i gamle Meland var landbruksavdelinga saman med prosjektgruppa/plangruppa i statens vegvesen ute på synfaringar for å sjå på aktuelle stader for overskotsmassar. Eit av områda som me peika ut var Espetveit. Det var to årsaker til dette. Vegen fram til området har god standard, og det er lite eller ikkje bebyggelse langs vegen. Det er ein aktiv bonde som driv eigedomen og har bruk for å forbetra jordbruksarealet sitt. Han har allereie ein eksisterande tipp her som lett kan utvidast. Delar av arealet vart konsekvensutgreidd i samband med arealdelen av kommuneplanen.

Me registrerer at statsforvaltar stiller mange kritiske spørsmål, men det tyder på manglande lokalkunnskap om vegnettet i området. Slik anleggsarbeidet er planlagt vil vegen mellom LitleBergen og Fossekrysset verta stengt. Frå Litlebergen sida kan ein då kjøra opp Grågotene, mot Hestdal eller mot Espetveit. Dei to første vegane er uegna for tung kjøring med massar, og soleis er dette det einaste alternativet for å få ei fornuftig plassering.

Me avventar tilbakemelding frå sækjar og møte med statsforvaltar, men etter vårt syn vil ei handsaming etter bakkeplaneringsforskrifta som er heimla i ureiningslova kunna ivareta dei miljømessige sidene ved saka. Handsaming etter pbl som rammeløyve vil ivareta naboar og andre samfunnsinteresser.

Me er ikkje samd i at tiltaket er i strid med LNF-føremålet og heller ikkje at det er naudsynt med reguleringsplan.

Me ber om å få saka attende når saksgang er avklart.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune - Dokumentsenter